

Referat fra styremøte 20.09.2021

Møtet ble gjennomført på Telegrafan i Oslo

Deltakere: Marit Jacobsen (leiar), Kai Roger Vatne (nestleiar), Jorun Henriksen, Marit Mørtzell, Anne Lise Olsen, Joachim Svendsrød, Hanna Sønsteby og Linda Thiis (2 vara)

Frå kontoret: Torunn Elise Kveen og Kjærsti Gangsø

Forfall: Per Haarr (1 vara)

34/2021 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste blir godkjend

35/2021 Referat frå styremøtet 03.06.2021

Referatet var utsendt etter førre møtet til førebels godkjenning.

Vedtak

Referat frå styremøtet 03.06.2021 blir godkjend.

36/2021 Orienteringar

Styret vart informert om desse sakene;

- * Status kontoret
- * Status tiltak Strategi- og verksemdsplanen
- * Arbeid med justering/oppgradering av nettsida
- * Arendalsuka, oppsummering
- * FNV årskonferanse 21-22.10
- * Reoppnemning medlemmer i Vofo sine to utval
- * Status i styret i Vofo
- * Møteturne prosjektet Bunad på UNESCO

Vedtak

Informasjonen blir tatt til orientering

37/2021 Styremøtedatoar

Styret diskuterte styremøte, styreseminar og årsmøtetidspunkt. Styreseminar i januar/februar blir halde på Røros.

Vedtak:

Datoar for møter blir i tråd med framlegg frå kontoret.

- | | |
|---------------|---------------------------|
| 23.11.2021 | Styremøte i Oslo 10-15.00 |
| 31.1-1.2.2022 | Styreseminar, Røros |
| 04.04.2022 | Styremøte Oslo 10-15.00 |
| 30.05.2022 | Årsmøte i Studieforbundet |
| 19.09.2022 | Styremøte Oslo 10-15.00 |
| 05.12.2022 | Styremøte Oslo 10-15.00 |

38/2021 Rekneskapsrapport 31.08.2021

Dagleg leiar la fram rekneskapsrapporten, som også var utsendt i lag med sakspapira. Styret vart orientert om at dei ekstra 1,7 mill som kom via tippemidlane sommaren 2021. Desse kom for å rette om ein teknisk feil ved utrekning av tilskott 2021. Styret er glad for tilleggsøyving, men ser ikkje positivt på at dei vart ekne frå tippemidlane.

Vedtak:

Rekneskapsrapport 31.08.2021 blir tatt til orientering

39/2021 Stimuleringsordning, framlegg ny søknadsrunde

Det vart lagt fram ter søknader om stimuleringsmiddel, framlegg om å utvide fristen for å rapportere og framlegg om å lyse ut ein ny runde med stimuleringstilskot.

Dei te nye søknadene er;

Norges Bygdekvinnelag med tillitssamling i Finnmark – 20.000

Buskerud bygdekvinnelag med fysisk samling og 3 digitale samlingar – 29.000

Seniordans region Gudbrandsdal fysisk samling – 20.000

Vedtak:

1. Rapporteringsfrist for tilskot til motivasjonssamlingar blir utvida til 30.06.2022.
2. Tre stimuleringsøknader blir innvilga med samla tilskot kr 69.000
3. Det blir utlyst ny søknadsrunde med søknadsfrist 15.10.2021, og styrehandsaming på e-post.

40/2021 Justering av timetilskot frå 01.10.2021

Med lågare kursaktivitet og auka statstilskott gjer kontoret framlegg om å gjere forsterka timesats for time med lærar til ordinært tilskot

Vedtak:

Styret sluttar seg til framlegg frå kontoret. Dei nye satsane er

Timetilskot for time med lærar er 125,-

Timetilskot for time utan lærar er 50,-

Minstesats for time utan dokumenterte utgifter, kurs med meir enn 10 timar kr 500,- - kurs færre enn 10 timar 50,- pr time.

41/2021 Rutinar for bruk av målform

Studieforbundet har fylgjande styrevedtak på målform:

Studieforbundet kultur og tradisjon nyttar dei to målformene i organisasjonen, og skal veksle mellom målformene så dei blir brukt omtrent like mykje. Verksemdsplanen skal innehalde eit punkt om korleis ein skal oppnå denne likestillinga.

Styret diskuterte korleis Studieforbundet kan arbeide for å vere effektive, nå målsettinga og ikkje ha for omfattande omsetjingsarbeid kvart år.

Vedtak

Årsmeldinga blir skrivi fast på nynorsk, digitale flater held fram som før, der vi har eit vakent auge på at fordelinga blir omtrentleg lik, alt av trykt materiell blir i hovudsak distribuert på begge målformer.

42/2021 Søknad om samarbeidsavtale frå Norske Kveners forbund

Norske kveners forbund har hatt medlemskap tidlegare, men mista medlemskapet sitt etter fleire år utan rapportert kursverksemd. Organisasjonen hadde ikkje mange kurs sist dei var med, men det kan vere håp om litt meir aktivitet no. Dei ber om ny samarbeidsavtale med Studieforbundet kultur og tradisjon.

Vedtak:

Studieforbundet inngår samarbeidsavtale med Norske Kveners forbund.

43/2021 Nye informasjonsrutinar – kommunikasjonsplan

Styret diskuterte behov for oppdatert og/eller justert kommunikasjonsplan.

Vedtak:

Diskusjonen og innspel frå styret blir teke med i vidare arbeid. Framlegg til ny kommunikasjonsplan blir lagt fram på eit seinare styremøte.

44/2021 «Vår dag» 2022 – Frivilligheitsåret

2022 er Frivillighetens år og skal markerast så mykje som muleg. Kontoret la fram framlegg om at Studieforbundet si markering blir gjort i samband med årsmøtet i mai 2022.

Vedtak:

Studieforbundet feirar «VÅR DAG» i Frivilligheitsåret 2022 i samband med årsmøtet 30.05.2022. Kontoret legg fram ny sak på eit seinare styremøte.

45/2021 Styreforsikring

Styret fekk lagt fram sak styreansvarforsikring.

Vedtak:

Det blir teikna styreforsikring for Studieforbundet i tråd med tilbod frå Chubb Elite.

46/201 Eventuelt

Statsbudsjett 2022

Styret diskuterte behov for å gjere tiltak allereie no til partia som truleg kjem i Regjering.

Vedtak:

Studieforbundet følger Vofo og Kulturalliansen i arbeidet med Statsbudsjett 2022. Studieforbundet sender allereie no brev til partia på rød/grøn side og deira kulturpolitikarar om at situasjonen frå 2021 med å få tilleggsløyving via tippemidlane ikkje er nokon god løysing.

Ved protokollen
Kjærsti Gangsø